



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
21/2024	Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning	11.06.2024

Forslag til forskriftsendring - opne for bruk av båtmotor på innsjøer mindre enn 2 kvadratkilometer

Saksframlegg:

Vågå kommune har motteke søknad frå fiskar, John Rønningen, som ønskjer at det blir opna for bruk av motorbåt på Melingen. Han meiner det blir fiska for lite på Melingen og regelverket er i dag slik at kommunen kan opne for bruk av motor eller gi dispensasjon til personar om bruk av motor. Rønningen meiner at det bør opnast generelt for alle, men sender ein privat søknad.

I følgje lov om motorferdsel § 5 kan kommunen gi forskrift om adgang til "bruk av motorfartøy på innsjøer mindre enn 2 kvadratkilometer når det føreligg særlege grunner. Det skal difor ikkje i utgangspunktet nyttast båtmotor på vatn mindre enn 2 km², men dersom det føreligg spesielle grunner kan det opnast for det. Det blir da lagt vekt på nytten. Utkast til forskrift skal sendast til fylkeskommunen og statleg råka fagmynde for uttale. Dersom nokon har hatt motsegn som kommunen ikkje har teke omsyn til, skal kommunen sitt vedtak sendast Statsforvalteren til godkjenning.

I 2021 vart det også vedteke ei lovendring i lov om motorferdsel som opne for at det kan brukast el-motor på mindre vatn under 2 kvadratkilometer:

"Kommunen kan gi forskrift eller fatte enkeltvedtak om adgang til bruk av motorfartøy med elektrisk motor med inngangseffekt opptil 800 watt på innsjøer mindre enn 2 kvadratkilometer. Ved vurderingen av om det skal åpnes for slik ferdsel, skal det legges vekt på hensynet til vannet som levested for viltarter og fugler, og særskilt vekt på hensynet til hekkeområder. Det kan ikke gis adgang til motorferdsel som innebærer vesentlig skade på fugleliv."

Vågå kommune har ei eiga forskrift som er heimla i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. I den kommunale forskrifta står det følgjande om ferdsel med motorbåt:

3. Motorferdsel i vassdrag:

a. Ferdsel med motorbåt er ikkje lov med større motorkraft enn 10 hk. Det kan også nyttast elektrisk båtmotor med effekt tilsvarande inntil 10 hk motor.

Slik ferdsel er lov på Nedre Heimdalsvatn, Lalmsvatnet, Flatningen, Lemonsjøen, Nedre

Sjodalsvatnet, Øvre Sjodalsvatnet, Gjende.

På Bessvatnet og Russvatnet er det ikkje lov med større motorkraft enn 6 hk.

På Gjende, Bessvatnet og Russvatnet gjeld særlege reglar i forhold til verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark.

Lalmsvatnet er definert frå den nye Lalmsbrua til Holungsøy camping.

Forskrifta vart vedteke av Vågå kommunestyre 4. mars 1997, sak 12/97. Forskrifta vart revidert i november 2014 da det vart opna for større motorkraft, frå 6 hk til 10 hk. Vatna som er lista opp her er alle større enn 2 kvadratkilometer.

Vurdering:

Kommunedirektøren meiner at bruk av båtmotor på vatn mindre enn 2 kvadratkilometer må løysast gjennom ei forskriftsendring og ikkje gjennom enkelt vedtak, da det vil kunne gje mykje unødvendig saksbehandling. Saksbehandlar har vore i dialog med Vågå fjellstyre ettersom mange mindre vatn ligg i Langmorkje statsallmenning og det er interessant å høyre kva dei meiner om bruk av el-motor. Vågå fjellstyre ved dalgelg leiar har gjeve følgjande uttale:

"Viser til samtale ang. spørsmål om å opne for bruk av el-motor på m.a. Melingen. Attpå praten tenkte eg det var naturleg å kome med eit skriftleg innspel før det ev. blir utarbeidd eit høyringsforslag til revidert kommunal forskrift om motorisert ferdsl i vassdrag.

Etter at dei nasjonale reglane for motorferdsel i utmark og vassdrag vart endra ved at det nå er opna for å kunne tillate bruk av el-motor på vatn under 2 kvkm, så meiner vi at tida nå er inne for å revidere den kommunale forskrifta. Etter at elmotorar kom på markedet for «fullt», har vi hatt fleire spørsmål/ønske frå fiskarar om at det burde bli opna for bruk av el-motor på enkelte vatn i Langmorkje statsallmenning. Dette for at utøving av fiske, spesielt dorging og åttring, men også garnfiske, blir enklare reint praktisk. Elmotor gjer det enklare å fiske frå båt også. Og frå ein el-motor er det ingen støy. Vi håpar difor at den kommunale forskrifta nå kan bli endra. I Langmorkje bør det bli opna for bruk av el-motor på Melingen, Surtningen, Veslvatnet, Slomtjønn og Nedre Leirungen. Dette er vatn av ein viss storleik utanom verneområde som er mykje brukt til fiske, og det er lov å fiske både med stong, oter og garn på alle, også for utanbygds på enkelte av dei. Vi har lagt ut båt til utlån (innanbygds) og utleige (utanbygds) ved alle desse fem vatna. Ved ei eventuell endring av forskrifta, bør det setjast vilkår om at bruk av el-motorberre kan skje ved utøving av fiske og eventuelle fiskekultiveringstiltak (som t.d. rusefangst av goløye).

Jamfør lov om motorferdsel kan det også opnast for vanlig båtmotor på innsjøar mindre enn 2 km². Det er da større krav til at forslag til forskrift skal sendast på høyring til regionale styresmakter. Dersom det er nokon som har hatt motsegn som kommunen ikkje har teke omsyn til skal også vedtaket sendast til Statsforvalteren for godkjenning.

Kommunedirektøren har laga ei oversikt over vatna som Vågå fjellstyre har spelt inn som viser storleik og kva for artar som er registrert i naturbase. Kommunedirektøren har også tatt med større vatn innanfor kommunen som ikkje er nemnd av fjellstyret. Det er mogleg at det er fleire vatn som kan vurderast, men kommunedirektøren meiner at vatn må vere over 0,1 km² dersom det skal bli opna for bruk av el-motor.

Oversikt over innsjøar:

Fiskevatn	Storleik km ²	Registreringer av fugleartar	Forslag til type båtmotor
Melingen	0,43	Ingen	Vanleg båtmotor
Nedre Leirungen	1,04	Ingen	Vanleg båtmotor
Ingulsjøen	1,6	Fiskemåke, sjøorre	Vanleg båtmotor
Surtningen	0,1	Vipe,	El -motor
Veslevatn	0,11	Taksvale, Stjertand, Sjøorre, Sandsvale	El-motor
Slombtjønne	0,12	Ingen	El-motor

Nedre Leirungen

Nedre Leirungen ligg innanfor område som er foreslått for supplerande vern for Jotunheimen. Det er flerire vatn i Vågå som ligg innanfor verneområde, som Gjende, Russvatnet og Bessvatnet. Særleg reglar som gjeld verneforskriftene vil da gjelde. Viktig at det blir teke omsyn til dette i verneprosessen ved utvida vern. Nedre Leirungen er såpass stort vatn at det kan vere fornuftig å opne for vanleg båtmotor, særleg ettersom det er eit område som er værhardt og det kan bli store bølger raskt. Kommunedirektøren meiner at det også kan vere fornuftig å opne for vanleg motor på Melingen ettersom dette vatnet ligg i tilknytning til Flatningen og det er slik sett fornuftig at det er like reglar for desse vatna. Det har vore nytta båtmotor på Flatningen i mange år og det har ikkje vore registrert nokre ulemper med dette. Ingen av desse vatna er utprega våtmarksområde som tilseier at aktiviteten med båt vil vere til vesentleg skade for fugleliv og hekking. Det er derimot eit behov for å auke uttaket av fisk og dette vil bli enklare ved å opne for båtmotor.

Ingulsjøen

Ettersom det er opna for vanleg båtmotor på Russvatnet bør det også vere like reglar for Ingulsjøen. Både vatna har privat fiskerett og det blir drive med næringsfiske. Det er difor berre eigar av fiskretten som brukar båt på Ingulsjøen. Det er opna for fiskekortsal, men det er berre med stong. Ingulsjøen ligg også langt frå veg og det er lite hensiktsmessig å opne for berre el-motor i eit område som ligg langt frå veg, utan straum. Det er difor fornuftig at det blir opna for vanleg båtmotor her. Vatnet er også nærare 2 km² i storleik slik at det er behov for å bruke båtmotor for å drive med rasjonell næringsfiske. Det er difor eit klart nytteformål med å opne for vanleg båtmotor her.

Melingen, Nedre Leirungen og Ingulsjøen er fjellvatn som ikkje er typisk våtmarksområde. Det er fiskevatn som treng mykje fisking for å helde fisken i god kondisjon og det bør difor leggjast til rette for at dette kan gjennomførast på ein hensiktsmessig måte. Ved å legge til rette for bruk av båtmotor vil ein forenkla fisinga, men det vil truleg ikkje auke fisinga. Når det gjeld ulempe for andre så er det lite truleg at nokon vil bli negativt råka da omfanget er i så avgrensa omfang. Når det gjeld omsynet til dyreliv og fugle så er det lite truleg at denne aktiviteten vil føre til vesentleg skade på fugleliv og hekking, da omfanget er avgrensa. Det bør vere tilstrekkeleg med motorbåt med motorkraft på 6 hk ettersom vatn er under 2 km², men ettersom det det ofte er dei same som fiskar på Flatningen og Melingen bør desse vatna ha lik motorkraft. I 2014 vart forskrifta endra nettopp for å auke frå 6 til 10 hk fordi det berre var opna for 10 hK på Gjende ut frå tryggleik, men det var dei same fiskarane som fiska i dei andre vatn. Det vart difor endra til 10 hk slik at fiskarane kunne ha ein motor og ikkje to. Dette vil også gjelde for Melingen og Flatningen.

Surtningen, Veslevatn og Slombtjønne

Surtningen, Veslevatn og Slombtjønne er mindre vatn på om lag 0,1 km². Desse vatna er så små at det er berre aktuelt å opne for bruk av el-motor med inngangseffekt på 800 watt. Det vil i praksis bety at fisinga blir forenkla, men det blir truleg ikkje meir fising. Når det gjeld dyre- og fugleliv på vatna så er Veslevatn eit vatn med mest våtmarkspreg. Det er også her det er registrert mest

fugleartar i naturbase. Dei andre vatna er typiske fjellvatn. Det er lite truleg at bruk av el-motor vil føre til vesentleg skade på fugleliv da den er lydlaus og farten blir ikkje særleg stor. Det vil derimot gjere det enklare å fiske med oter og garn. Det er ønskjeleg at det blir fiska i desse vatn og løyve til å nytte el-motor kan bidra til at fiske blir lettare. Det er lite truleg at det førar til ei vesentleg auka av folk som vil fiske.

Naturmangfald

Det er registrert fleire fugleartar innanfor innsjøane som det er foreslått å opne for motorbåt og elmotorbåt på. Desse artane er registrert som sårbare med unntak av vipe som er kritisk trua i den norske raudlista. Søknaden er vurdert etter miljørettslege prinsipp som følgjer av naturmangfaldlova:

§ 8. (*kunnskapsgrunnlaget*): Kunnskapsgrunnlaget kan heile tida forbetrast. Her er det mykje lokalkunnskap som spelar inn. Forslag til forskriftsendring blir difor sendt på høyring slik at dei som har god kunnskap kan uttale seg. Det vil mellom anna vere viktig å høyre organisasjonar som Birdlife.

§ 9. (*føre-var-prinsippet*): Det er ikkje vurdert å liggje føre vesentleg risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet som følgje av forskriftsendringa med noverande kunnskap.

§ 10. (*økosystemtilnærming og samla belastning*): Samla belastning er ikkje vurdert å vere til vesentleg skade for naturmiljøet, men det er viktig at saka blir høyrte slik at saka er godt opplyst før forskriftsendring blir gjennomført.

§ 11. (*kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar*): Blir vurdert å vere mindre relevant for dette tiltaket.

§ 12. (*miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar*): Her kan det mellom anna vurderast om det er riktig å opne for el-motor eller vanleg båtmotor på dei ulike vatna. Ein el-motor vil mellom anna generere mindre støy.

Vurdering – motorferdsellova

Konsekvensane ved å opne for motorbåt og elektrisk båtmotor må vurderast i høve til motorferdsellova sitt formål. Formålsparagrafen i motorferdsellova (§ 1) er som følgjer: «*Formålet med denne lov er ut fra et samfunnsmessig helhetssyn å regulere motorferdselen i utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen.*»

Det har vore opna for bruk av motorbåt på vatn over 2 km² i mange år. Fleire av desse vatna har eit meir våtmarkspreget og er viktigare hekkeplassar enn dei innsjøane som det er ønskje om å opne for motorbåt/el-motorbåt. Dette gjeld særleg Lalmsvatnet og Vågvatnet. Det er ikkje kjend at båttaktivitet i tilknytning til fiske har vore eit problem på desse vatn. Det er helle vassportsaktivitetar som vassjett og likande aktivitetar som kan skape eit problem for fugle og dyrelivet. Ein kan ikkje sjå at føreslege forskriftsendring er i konflikt med motorferdsellova sitt formål.

Oppsummert

Det er behov for å revidere lokal forskrift om motorisert ferdsel i vassdrag og start og landing med luftfartøy i Vågå kommune. Det er viktig å legge til rette for næringsfiske og hobbyfiske som ein form for rekreasjon og auke uttaket av fisk i vatn som er for lite utnyttat. Endring av lokal forskrift er heimla i lov om motorferdsel. Det blir foreslått følgjande forskriftsendring (tekst som er merka raud er forslag til ny tekst):

3. Motorferdsel i vassdrag:

a. *Ferdsel med motorbåt er ikkje lov med større motorkraft enn 10 hk. Det kan også nyttast elektrisk båtmotor med effekt tilsvarende inntil 10 hk motor.*

Slik ferdsel er lov på Nedre Heimdalsvatn, Lalmsvatnet, Flatningen, Melingen, Lemonsjøen, Nedre Sjødalsvatnet, Øvre Sjødalsvatnet, Gjende.

På Bessvatnet, Russvatnet, Ingulsjøen og Nedre Leirungen er det ikkje lov med større motorkraft enn 6 hk.

På Gjende, Bessvatnet og Russvatnet gjeld særlege reglar i forhold til verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark.

Lalmsvatnet er definert frå den nye Lalmsbrua til Holungsøy camping.

Ferdsl med elektrisk motor med inngangseffekt med opptil 800 watt er lov på Surtningen, Veslevatn og Slombtjønne.

Kommunedirektøren si innstilling:

Det blir med heimel i motorferdsellova § 4 3. ledd og § 5 føreslege endring av punkta 3a i kommunal forskrift om motorisert ferdsel i vassdrag og start og landing med luftfartøy vedteken av Vågå kommunestyret 4.3.1997, sak 12/97. Punkt 3a i forskrift vil etter det lyde slik:

3. Motorferdsel i vassdrag:

a. Ferdsl med motorbåt er ikkje lov med større motorkraft enn 10 hk. Det kan også nyttast elektrisk båtmotor med effekt tilsvarande inntil 10 hk motor.

Slik ferdsel er lov på Nedre Heimdalsvatn, Lalmsvatnet, Flatningen, Melingen, Lemonsjøen, Nedre Sjudalsvatnet, Øvre Sjudalsvatnet, Gjende.

På Bessvatnet, Russvatnet, Ingulsjøen og Nedre Leirungen er det ikkje lov med større motorkraft enn 6 hk.

På Gjende, Bessvatnet og Russvatnet gjeld særlege reglar i forhold til verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark.

Lalmsvatnet er definert frå den nye Lalmsbrua til Holungsøy camping.

Ferdsl med elektrisk motor med inngangseffekt med opptil 800 watt er lov på Surtningen, Veslevatn og Slombtjønne.

Forslag til forskriftsendring blir gjort for å gjere det lettare å utøve fiske med garn, dorging og åttring. Det vil gjere det enklare å utøve næringsfiske og fiske som friluftaktivitet. Det vil også gi sikrarare manøvrering under vanskelege vindtilhøve. Forskriftsendring er ikkje vurdert til å vere i konflikt med formålet i motorferdsellova eller miljøprinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova med det kunnskapsgrunnlaget som er kjend i dag. Det er viktig at endringsforslag blir sendt på høyring for å fange opp alle interesser og fagkunnskap. Endringsforslag blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker frå kunngjeringsdato.

Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning si behandling av sak 21/2024 i møte den 11.06.2024:

Behandling

Forslag til vedtak frå HTLN:

Det blir med heime i motorferdsellova § 4 3. ledd og § 5 føreslege endring av punkta 3a i kommunal forskrift om motorisert ferdsel i vassdrag og start og landing med luftfartøy vedteken av Vågå kommunestyret 4.3.1997, sak 12/97. Punkt 3a i forskrift vil etter det lyde slik:

3. Motorferdsel i vassdrag:

a. Ferdsel med motorbåt er ikkje lov med større motorkraft enn 10 hk. Det kan også nyttast elektrisk båtmotor med effekt tilsvarande inntil 10 hk motor.

Slik ferdsel er lov på Nedre Heimdalsvatn, Lalmsvatnet, Flatningen, Lemonsjøen, Nedre Sjødalsvatnet, Øvre Sjødalsvatnet, Gjende.

På Bessvatnet, Russvatnet, Ingulsjøen, Øvre Leirungen og Nedre Leirungen er det ikkje lov med større motorkraft enn 6 hk.

På Gjende, Bessvatnet, Russvatnet og Øvre Leirungen gjeld særlege reglar i forhold til verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark.

Lalmsvatnet er definert frå den nye Lalmsbrua til Holungsøy camping.

Ferdsel med elektrisk motor med inngangseffekt med opptil 800 watt er lov på Surtningen, Veslevatn, Slombtjønne og Melingen.

Forslag til forskriftsendring blir gjort for å gjere det lettare å utøve fiske med garn, dorging og åttring.

Det vil gjere det enklare å utøve næringsfiske og fiske som friluftaktivitet. Det vil også gi sikrarare manøvrering under vanskelege vindtilhøve. Forskriftsendring er ikkje vurdert til å vere i konflikt med formålet i motorferdsellova eller miljøprinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova med det

kunnskapsgrunnlaget som er kjend i dag. Det er viktig at endringsforslag blir sendt på høyring for å fange opp alle interesser og fagkunnskap. Endringsforslag blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker frå kunngjeringsdato.

Samrøystes

Vedtak

Det blir med heime i motorferdsellova § 4 3. ledd og § 5 føreslege endring av punkta 3a i kommunal forskrift om motorisert ferdsel i vassdrag og start og landing med luftfartøy vedteken av Vågå kommunestyret 4.3.1997, sak 12/97. Punkt 3a i forskrift vil etter det lyde slik:

3. Motorferdsel i vassdrag:

a. Ferdsel med motorbåt er ikkje lov med større motorkraft enn 10 hk. Det kan også nyttast elektrisk båtmotor med effekt tilsvarande inntil 10 hk motor.

Slik ferdsel er lov på Nedre Heimdalsvatn, Lalmsvatnet, Flatningen, Lemonsjøen, Nedre Sjudalsvatnet, Øvre Sjudalsvatnet, Gjende.

På Bessvatnet, Russvatnet, Ingulsjøen, Øvre Leirungen og Nedre Leirungen er det ikkje lov med større motorkraft enn 6 hk.

På Gjende, Bessvatnet, Russvatnet og Øvre Leirungen gjeld særlege reglar i forhold til verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark.

Lalmsvatnet er definert frå den nye Lalmsbrua til Holungsøy camping.

Ferdsel med elektrisk motor med inngangseffekt med opptil 800 watt er lov på Surtningen, Veslevatn, Slombtjønne og Melingen.

Forslag til forskriftsendring blir gjort for å gjere det lettare å utøve fiske med garn, dorging og åtring. Det vil gjere det enklare å utøve næringsfiske og fiske som friluftaktivitet. Det vil også gi sikrarare manøvrering under vanskelege vindtilhøve. Forskriftsendring er ikkje vurdert til å vere i konflikt med formålet i motorferdsellova eller miljøprinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova med det kunnskapsgrunnlaget som er kjend i dag. Det er viktig at endringsforslag blir sendt på høyring for å fange opp alle interesser og fagkunnskap. Endringsforslag blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker frå kunngjeringsdato.